



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	20.06.2024
Møtetid:	15:00 - -23:00
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer	medlem	H	
Myklebusthaug			
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Ingeborg Lohne	medlem	SAM	
Hordvik			
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Terje Håland	MEDL	AP
Reidar Ulvøy	MEDL	AP
Oskar Nordgard	MEDL	H
Frank Erik Øksnes	MEDL	INP
Renee Hansen Semmingsen	MEDL	SAM

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Idar Johan Hopland		AP	
Katrine Berge Longva		AP	
Stig Anders Totland		H	
Jan Olav Øksnes		INP	
Tore Svendsen		SAM	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nesbø	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Kristin Nesbø

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 40/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 20. juni 2024--	
PS 41/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 2. mai 2024	
OS 6/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 20.06.2024	
PS 42/2024	Referatsaker til kommunestyremøtet 20. juni 2024	
RS 29/2024	Austrheim kontrollutval - Protokoll Austrheim kontrollutval 24.05.24	
RS 30/2024	Høyringsssvar - tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune	
RS 31/2024	Svar frå skyss - bussar til Austrheim	
RS 32/2024	Møtereferat 1-2024 for Nordhordland - 26.01.2024 - Helsefelleskapet	
RS 33/2024	Representantskap 2-2023 Region Nordhordland Helsehus IKS, fredag 1. desember	
RS 34/2024	Protokoll Representantskap 1-2024 Region Nordhordland Helsehus IKS, fredag 31. mai 2024	
RS 35/2024	Protokoll 3-2024 Regionrådet Nordhordland torsdag 18. og fredag 19. april 2024	
RS 36/2024	Protokoll Representantskap 1-2024 Region Nordhordland IKS, fredag 31. mai 2024	
RS 37/2024	IKT - Nordhordland - protokoll frå representantskapsmøte 31.05.2024	
RS 38/2024	Revidert nasjonalbudsjett 2024 og kommuneopplegget for 2025	
RS 39/2024	Brev frå Statsforvaltar - Austrheim - budsjett 2024 - økonomiplan 2024 - 2027	
RS 40/2024	Informasjon om høring av Fornybardirektivet	

PS 43/2024	Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune - Høyring
PS 44/2024	Revidering av SFO-vedtektene
PS 45/2024	Revidering av barnehagevedtekter 2024
PS 46/2024	Skulereglar 2024 1. utkast
PS 47/2024	Bemanningsbehov ved Krisesenter for Bergen og omegn
PS 48/2024	Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase
PS 49/2024	Fornya søknad - Vinmonopol i Austrheim
PS 50/2024	Marknadsføring av Austrheim Kommune
PS 51/2024	Enøktiltak - Kommunale bygg
PS 52/2024	Symjebasseng - mandat til oppstart av moglege alternativ av symjebasseng
PS 53/2024	Årsmelding 2023 - Austrheim kommune
PS 54/2024	Årsrekneskap 2023
PS 55/2024	Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024
PS 56/2024	Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS
PS 57/2024	Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune
PS 58/2024	Oppdatering av selskapsavtale - Interkommunalt arkiv Hordaland IKS
PS 59/2024	Vigselsmynde i Austrheim kommune
PS 60/2024	Vidare vurdering - Strøyming av politiske møte
PS 61/2024	Nyval av Eldrerådet - endring av representant
PS 62/2024	Medlemmer til representantskap - syns- og audiopedagogisk teneste SAPT
PS 63/2024	TV-aksjonen 2024 - oppretting av kommunekomiteé
PS 64/2024	Val av meddommarar, skjønnsmenn og forliksråd

PS 65/2024	Revidering av reglement for folkevalde organ Austrheim kommune - kommunestyreperioden 2023-2027
PS 66/2024	Høyring av alkoholpolitisk plan 2024-2028
PS 67/2024	Forlenging av sals- og skjenkeløyve
PS 68/2024	Sommarfullmakt til ordførar - 2024
PS 69/2024	Kvalitetsmelding barnehage og skule, 2023 - 2024
PS 70/2024	Driftstilskot - Kunsthuset i Austrheim
PS 71/2024	Austrheim kontrollutval si årsmelding

PS 40/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 20. juni 2024--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 40/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 20. juni 2024--:

Reidar Øksnes (Sp) peika på at saklista er svært lang og at det kan bli utfordrande å halde konsentrasjon utover i møtet. Siste sak er like viktig som første. Kanskje bør vi ha reine orienteringsmøtar.

Tore Svendsen (SL) ba om at referatsak 24/40 vart tatt opp som politisk sak, dette vart avvist.

Sak 69/2024 - Kvalitetsmelding barnehage og skule 2023 - 2024 blir hansama etter orientering frå skule og barnehage.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret::
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak..

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 40/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 20. juni 2024--:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 41/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 2. mai 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret 2. mai 2024 vert godkjent.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 41/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 2. mai 2024:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret::

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak..

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 41/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 2. mai 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret 2. mai 2024 vert godkjent.

OS 6/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 20.06.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 6/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 20.06.2024:

Ungdata:

Ungdomskoordinator Ingrid Marøy la fram resultat frå UngData og oppmoda om at den blir lese når det blir publisert.

Kvalitetsmelding for skule og barnehage :

Kommunalsjef Trine Merete Jansen innleda om saka kvalitetsmelding for skule og barnehage. Mange av resultatata for ein så liten kommune som Austrheim er stipulert, men reelle resultat er tilgjengeleg for administrasjon slik at vi kan jobbe med dette. Kjem det fram noko som er alvorleg blir det tatt tak i, og det kjem fram at barna føler at dei blir tatt på alvor.

Styrarane Britt Ystebø, Austrheim kystbarnehage og Sissel Berge Monslaup, Kaland barnehage presenterte situasjonen i barnehagane.

Rektorane Bodil Boie Brekkan, Årås skule og Birgitte Gullaksen, Kaland skule presenterte situasjonen i skulane.

Kommunedirektøren sa at sidan det var mange saker vert nokre av orienteringane er utsett til hausten, det gjeld følgjande:

- Framdrift delegeringsreglement
- Framdrift arbeidsgjevarstrategi
- Næringsfond - politisk arbeidsgruppa retningslinjer.
- Status internkontroll

Kommunalsjef Trine Merete Jansen; **Løypemelding flyktningar.** Vi tar stadig i mot fleire flyktningar. Har blant anna etablert bufelleskap. No har vi 60 flyktningar buande i Austrheim. Av 35 som kjem i 2024 er 24 allereie busett.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund: Gikk gjennom **status på prosjekt** jf. rekneark.

Verbalpunkt frå tidlegare ved Bjarte Rosenlund:

Informasjonsskilt /-skjermer i løpet av hausten. Avtaler skal på plass, men bestillingar er allereie gjort.

Havsportsenteret - oppgradering av garderobane blir kostnadskrevjande. Går i dialog med huseigar om lagsiktig avtale.

Parkeringstilhøve. Det er fleire avtalar her. Må gjere ein oppryddingsjobb. Kjem attende med sak på det.

Standard for anleggsbidrag VA - anlegg. Kjem attende med eige sak på det.

Framtidige buområde Førland - Littlelindås sjå vedlegg for korleis området er regulert. Det er rom for å bygge 13 einebustader, eller ein del to-mannsbustader i området inkludert det som er regulert til spreidt bustadbygging.

Reidar Øksnes (Sp) kommenterte at vi må ha i tankane at avkjørsle frå hovudvegen ikkje er ideell.

Tilskot til Furuly - kjem attende med sak til hausten.

Økonomi

Økonomi - og HR-sjef Odd Harald Dommersnes gikk gjennom tilbakemeldingane frå Statsforvaltaren og budsjett. Vi er ikkje under statleg kontroll pr. no, men Statsforvaltaren føl med på økonomien vår.

Rekruttering av sjukepleiarar:

Vi må gå nye vegar for å finne sjukepleiarar og Austrheim kommune skal rekruttere sjukepleiarar frå Spania, der er ein del ledig helsepersonell. Saman med Gulen og Masfjorden startar vi ei klasse i Barcelona med norsk kurs for sjukepleiarane. Kursen varer 6 - 8 månader, dei blir tilsett i Austrheim kommune i august og i 2025 kan dei byrje å jobbe her hjå oss. Det er førebels ni sjukepleiarar som blir tilsett i Austrheim.

Hege Ramsland (H) spurte kor sjukepleiarane skal bu.

Til dette svarte Odd Harald Dommersnes at når det gjeld det praktiske er ikkje alt avklara enda.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 6/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 20.06.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

PS 42/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 20. juni 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 42/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 20. juni 2024:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret::
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak..

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 42/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 20. juni 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

RS 29/2024 Austrheim kontrollutval - Protokoll Austrheim
kontrollutval 24.05.24

RS 30/2024 Høyringsvar - tilbudsstruktur for vidaregåande skular i
Vestland fylkeskommune

RS 31/2024 Svar frå skyss - bussar til Austrheim

RS 32/2024 Møtereferat 1-2024 for Nordhordland - 26.01.2024 -
Helsefelleskapet

RS 33/2024 Representantskap 2-2023 Region Nordhordland Helsehus
IKS, fredag 1. desember

RS 34/2024 Protokoll Representantskap 1-2024 Region Nordhordland
Helsehus IKS, fredag 31. mai 2024

RS 35/2024 Protokoll 3-2024 Regionrådet Nordhordland torsdag 18.
og fredag 19. april 2024

RS 36/2024 Protokoll Representantskap 1-2024 Region Nordhordland
IKS, fredag 31. mai 2024

RS 37/2024 IKT - Nordhordland - protokoll frå representantskapsmøte
31.05.2024

RS 38/2024 Revidert nasjonalbudsjett 2024 og kommuneopplegget
for 2025

RS 39/2024 Brev frå Statsforvaltar - Austrheim - budsjett 2024 -
økonomiplan 2024 - 2027

RS 40/2024 Informasjon om høring av Fornybardirektivet

PS 43/2024 Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune - Høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at framlegg til planstrategi for Austrheim kommune 2024–2027 vert lagt ut på høyring. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 43/2024 Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune - Høyring:

Plansjef Asbjørn N. Toft orienterte om innhald i planstrategien.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 43/2024 Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune - Høyring:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at framlegg til planstrategi for Austrheim kommune 2024–2027 vert lagt ut på høyring. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

PS 44/2024 Revidering av SFO-vedtektene

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Levekårsutvalet sluttar seg til framlegg til reviderte vedtekter for skulefritidsordninga i Austrheim kommune.

Handsaming i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.05.2024 av sak 12/2024
Revidering av SFO-vedtektene:

Framlegg til vedtak:

I punkt ein under opptak bør ordlyden endrast:

Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til i SFO, skal følgjande kriterium gjelde:

1. elevar med særskilte behov for tilrettelegging har førerett

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:
Samrøystes for framlegg til vedtak

Vedtak i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.05.2024 av sak 12/2024
Revidering av SFO-vedtektene:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt vedtak:

I punkt ein under opptak bør ordlyden endrast:

Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til i SFO, skal følgjande kriterium gjelde:

1. elevar med særskilte behov for tilrettelegging har førerett

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.05.2024 av sak 21/2024 Revidering av SFO-vedtektene:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

- Per Lerøy sa at dersom søknaden til SFO gjer at bemanninga må aukast, så må dei folkevalde sjå på dette opp mot budsjettet for 2025.
- Det vart diskutert litt rundt dette med heiltidsstilling og SFO, og det kom fram at det kan vera utfordrande med heile stillingar når SFO-året tilsvarer 89 prosent stilling (fri når skulen er stengt)
- Per Lerøy ba om at levekårsutvalet i vedtaket ber administrasjonen om å sjå gjennom dei innspela som har komme, og revidera SFO-vedtektene før dei kjem til kommunestyret.
- Etter oppmoding frå Renee Semmingsen ber ein administrasjonen om å endra ordlyden "funksjonshemma" til "personar med nedsett funksjonsevne"

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for Lerøy/Semmingsen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.05.2024 av sak 21/2024 Revidering av SFO-vedtektene:

Levekårsutvalet 30. mai:

Levekårsutvalet ber administrasjonen om å sjå gjennom dei innspela som har komme, og revidera SFO-vedtektene før dei kjem til kommunestyret.

Levekårsutvalet ber administrasjonen om å endra ordlyden "funksjonshemma" til "personar med nedsett funksjonsevne"

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 44/2024 Revidering av SFO-vedtektene:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om framlegg til SFO-vedtekter, høyringa og endringane det er lagt opp til i revidering av vedtektene.

SFO - vedtektene som vart lagt fram er revidert etter møte i Levekårsutvalet 30. mai 2024.

Følgjande tok ordet i saka:

Aslak Bakke (H)

Per Lerøy (Ap)

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 44/2024 Revidering av SFO-vedtektene:

Kommunestyret 20.06.2024:

Kommunestyret sluttar seg til framlegg til reviderte vedtekter for skulefridtdsordninga.

PS 45/2024 Revidering av barnehagevedtekter 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Levekårsutvalet sluttar seg til framlegg til reviderte barnehagevedtekter for barnehagar som Austrheim kommune eig.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld:

Ei arbeidsgruppe har revidert gjeldande vedtekter for barnehagar som Austrheim kommune eig, å kome med framlegg til endringar. I framlegget er det det meste er vidareført frå gjeldande vedtekter, men nokre endringar er gjort.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Barnehagar som Austrheim kommune eig, skal drivast i samsvar med gjeldande lov og retningslinjer fastsett av departementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage.

Barnehagen skal gje barn under skulealder gode høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og i samarbeid med barna sin heim. Barnehagen skal hjelpe til med å gje barna oppseding i samsvar med grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane - jamfør Lov om barnehagar (LOB) § 1.

Ei arbeidsgruppe har revidert gjeldande vedtekter for barnehagar som Austrheim kommune eig, å kome med framlegg til endringar. I framlegget er det det meste er vidareført frå gjeldande vedtekter, men nokre endringar er gjort. Arbeidsgruppa tilrår ei presisering/endring når det gjeld ferieavvikling for barn. Barnehagane er no open 12 månader i året, men barna skal sikrast 4 veker ferie kvart år. Det har dei siste åra vore ei utfordring å kombinere god og sikkert drift av barnehagen og ferieavvikling for dei tilsette. Ein ser også at størsteparten av barna avviklar ferie i juli. Arbeidsgruppa ser at det vil vera tenleg for drifta å stengje barnehagane heilt i ein avgrensa periode på to til tre veker om sumaren, og ber politikarane vurdere tre ulike alternativ for ferieavvikling for barn.

1. Minst tre av ferievekene skal vera samanhengande, og takast ut mellom 15. juni og 15. august. Frist for melding om sommarferie er 1. mai. (dette er praksis i dag)
2. Barnehagen er stengt i tre veker i juli.

3. Barnehagen er stengt i to veker i juli, med fleksibilitet i begge ender.

Framlegget er utarbeidd i tett samarbeid mellom barnehagane, barnehageeigar og barnehagemyndene og har vore ute på høyring i råd og utval.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at Levekårsutvalet sluttar seg til framlegg til reviderte vedtekter for barnehagane, der kommunestyret må velje og vedta eit av tre alternativ for ferie for barn frå og med barnehageåret 2025/2026.

Handsaming i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.05.2024 av sak 11/2024
Revidering av barnehagevedtekter 2024:

Framlegg til vedtak:

Nye barnehagevedtekter:

I § 14: ordlyden bør endrast til følgjande:

Når det gjeld barn med behov for tilrettelegging no eller i framtida, skal styraren i barnehagen i samråd med foreldre syta for at barnet får hjelp ved at dei rette faginstansane vert kontakta. Jamfør § 37.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Samrøystes for framlegg til vedtak

Vedtak i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.05.2024 av sak 11/2024
Revidering av barnehagevedtekter 2024:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt vedtak:

Nye barnehagevedtekter:

I § 14: ordlyden bør endrast til følgjande:

Når det gjeld barn med behov for tilrettelegging no eller i framtida, skal styraren i barnehagen i samråd med foreldre syta for at barnet får hjelp ved at dei rette faginstansane vert kontakta. Jamfør § 37.

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.05.2024 av sak 19/2024 Revidering av barnehagevedtekter 2024:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

- Per Lerøy sa at stenging av barnehagen vil vera vanskeleg for dei som jobbar til dømes på Mongstad, der skiftplanen bestemmer ferien.
- Renee Semmingsen og Hege Bergsvik sa at det vil vera vanskeleg også i omsorgsyrkene, der det er ferieplanar som bestemmer dette. Hege Bergsvik sa at stenging vil vera utfordrande, særleg meir enn 2 veker.
- Lisbeth Oen spurte om det er mogleg å ha eit tettare samarbeid mellom barnehagane, her var det fleire som kommenterte at det kan vera utfordrande om borna skal vera på ein annan barnehage deler av sommaren.
- Renee Semmingsen sa at det kan vera utfordrande om ein kvart år skal måtta be om ferie til same tid, for det kan gje gnissingar på arbeidsplassen.
- Inger Lise Brekke sa at det kan vera OK med 2 veker men ikkje 3 veker stengt.
- Oscar Føyen spurte om å rekruttera ungdommar til å jobba i barnehagane, kommunalsjef Jansen svara at det må vera kvalifisert personell som skal jobba der.
- Per Lerøy viste til at det for alle dei som jobbar skift så er det arbeidsgjevar som fastset ferielistene. Ferie vert fordelt over juni/juli/august for mange arbeidstakarar. Viktig å ha fleksibilitet i det tilbodet kommunen gjev, tilbodet er viktig for dei som treng det.
- Hege Bergsvik sa at dersom barnehagane skal stenga så må arbeidsgjevarane tilpassa seg også. Må sjå på at barnehagane har lite ferie.
- Inger Lise Brekke sa at det må vera også bedriftene som må justera seg, Per Lerøy svara at det er kommunen som må levera dei tenestene folk treng.
- Lisbeth Oen sa seg samd i at det bør vera som i dag, av omsyn til dei som ikkje har nokon som kan ta vare på borna sine, ved at dei ikkje har familie eller andre lokalt.
- Linda Brandtun sa at det er veldig lite bemanning enkelte veker på sommaren, det undergrev det arbeidet ein gjer elles av året. Om ein stenger to veker kan ein styrka bemanninga resten av året.
- Renee Semmingsen sa at ein bør setta tidlegare frist for å melde inn ferie for barnehageborn, sidan ferieplanar blir lagt tidleg på arbeidsplassane.
- Trine Merete Jansen sa at det vil råka nokre få barn med stenging, men det vil kunna vera bra for drifta av barnehagen resten av året. Må sjå at det er viktig for drifta av barnehagane resten av året.

- Det vart spelt inn at det er utfordringar for dei tilsette i barnehagane også å få avvikla ferie, her sa Per Lerøy at det handlar om at arbeidsgjevar må bestemma.
- Inger Lise Brekke sa at med nokre veker stengt kan ein ha meir bemanning disponibelt resten av sommaren.

Bladde gjennom dei ulike høyringsinnspela som har komme på dei nye vedtektene.

- Per Lerøy sa at det kan vera negativt for barnetalet i kommunen om ein stenger barnehagen fast fleire veker.
- Trine Merete Jansen sa at det mest negative for omdømmet til kommunen er at barnehagane må stenga avdelingar enkelte dagar, og då må be foreldra henta borna sine frå barnehagen.
- På spørsmål frå Lisbeth Oen svara Trine Merete Jansen at den største utfordringa er å skaffa vikarar ved sjukefråvær.
- Linda Brandtun sa at det for SFO er stengt 4 veker, barnehagen må kunna vera stengt 2 veker. Viktig med evaluering, her vart det diskutert om det er rett å evaluera etter 1 år eller om det bør vera 2 eller 3.
- Anne Hildegunn Færøy viste til at det med rekruttering vert viktig framover, det er utfordrande å rekruttera til barnehageyrket.
- Inger Lise Brekke viste til at det er lite attraktivt å ta arbeid i barnehage, samstundes som låg arbeidsløyse gjer at det er lett for barnehage tilsette å finna arbeid innanfor andre yrke.
- Det vart diskutert litt rundt dei ulike framlegga kring stenging på sommaren, det kom fram at det var fleirtal for framlegg nummer tre, med stenging i to veker.
- Levekårsutvalet rår til at dette vert ei prøveordning i to år frå 2025, som skal evaluerast etter eitt år, og ein skal ta resultata frå evalueringa det med seg inn i neste år.

Det vart diskutert kring innspelet frå RMNF, Trine Merete Jansen viste til at paragraf 14 i vedtektene har ein ordlyd som er henta frå lovverket. Jansen sa at ein kan justera teksten til at det kan endrast til "barn med nedsett funksjonsevne", og ikkje "barn som er funksjonshemma". Semje i utvalet om denne endringa.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegga til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for stenging i to veker med evaluering etter 1. år, samt for RMNF sitt framlegg til endring av ordlyd.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.05.2024 av sak 19/2024 Revidering av barnehagevedtekter 2024:

Levekårsutvalet si tilråding til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek reviderte barnehagevedtekter for barnehagar som Austrheim kommune eig.

Barnehagane er stengt i to veker i juli, med fleksibilitet i begge ender. Dette vert ei prøveordning i to år frå 2025. Ordninga skal evaluerast etter eitt år, og ein skal ta resultata frå evalueringa det med seg inn i neste år.

For § 14 i barnehagevedtektene, skal ordlyden endrast slik at "funksjonshemma" vert endra til "barn med nedsett funksjonsevne".

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 45/2024 Revidering av barnehagevedtekter 2024:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen la fram saka om reviderte barnehagevedtekter.

Bjørn Inge Dyrkolbotn bad om gruppeleiar møte.

Monika Thorpe tok før gruppeleiar møtet og la fram følgjande til endring i framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak frå Ap, Høgre og INP:

§4. Ferieavvikling for barn

Minst tre av ferievekene skal vera samanhengande, og takast ut mellom 15. juni og 15. august. Frist for melding om sommarferie er 1. mai, (dette er praksis i dag).

Handsaming i kommunestyremøtet:

Etter gruppeleiar møte refererte ordførar Morten Sognnes (H) følgjande framlegg til vedtak, med tre alternativ til avsnittet i midten:

Kommunestyret vedtek reviderte barnehagevedtekter for barnehagar som Austrheim kommune eig.

Barnehagane er stengt i to veker i juli, med fleksibilitet i begge ender. Dette vert ei prøveordning i to år frå 2025. Ordninga skal evaluerast etter eitt år, og ein skal ta resultata frå evalueringa det med seg inn i neste år.

For § 14 i barnehagevedtektene, skal ordlyden endrast slik at "funksjonshemma" vert endra til "barn med nedsett funksjonsevne".

Alternativ for avsnittet i midten:

1. Minst tre av ferievekene skal vera samanhengande, og takast ut mellom 15. juni og 15. august. Frist for melding om sommarferie er 1. mai.

2. Barnehagen er stengt i 3 veker i juli.

3. Barnehagen er stengt 2 veker i juli med fleksibilitet på ei veke før og etter.

Reidar Øksnes (Sp) - foreslo at ei røysta i motsett rekkefølge, 3, 2, 1 og røystinga fekk dette resultatet:

Ingen røysta for framlegg nr. 3. Barnehagen er stengt 2 veker i juli med fleksibilitet på ei veke før og etter.

Ingen røysta for framlegg nr. 2. Barnehagen er stengt i 3 veker i juli.

Samrøystes for framlegg nr. 1 Minst tre av ferievekene skal vera samanhengande, og takast ut mellom 15. juni og 15. august. Frist for melding om sommarferie er 1. mai.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 45/2024 Revidering av barnehagevedtekter 2024:

Kommunestyret 20.06.2024:

Kommunestyret vedtek reviderte barnehagevedtekter for barnehagar som Austrheim kommune eig.

Minst tre av ferievekene skal vera samanhengande, og takast ut mellom 15. juni og 15. august. Frist for melding om sommarferie er 1. mai.

For § 14 i barnehagevedtektene, skal ordlyden endrast slik at "funksjonshemma" vert endra til "barn med nedsett funksjonsevne".

PS 46/2024 Skulereglar 2024 1. utkast

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Levekårsutvalet sluttar seg til framlegg til forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Austrheim kommune, gjeldande frå og med 01.08.24

Handsaming i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.05.2024 av sak 13/2024
Skulereglar 2024 1. utkast:

Framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen innspel til framlegg til skulereglar

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:
Samrøystes for framlegg til vedtak

Vedtak i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.05.2024 av sak 13/2024
Skulereglar 2024 1. utkast:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen innspel til framlegg til skulereglar

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.05.2024 av sak 20/2024 Skulereglar 2024 1. utkast:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

- Renee Semmingsen sa at dette med energidrikk må inkluderast som snop.
- Linda Brandtun ba om at ein tek vekk at tillitsvalde elevar skal ha ansvar for mobilbruk, det fekk støtte frå utvalet.
- Linda Brandtun spurte om punktet med tildekking av andletet, Jansen svara at det er i tråd med lovfesta reglar om at ein ikkje kan dekkja til andletet.
- Per Lerøy ba om at levekårsutvalet i vedtaket ber administrasjonen om å sjå gjennom dei innspela som har komme, og revidera reglementet før det kjem til kommunestyret.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for Per Lerøy sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.05.2024 av sak 20/2024 Skulereglar 2024 1. utkast:

Levekårsutvalet 30. mai:

Levekårsutvalet ber administrasjonen om å sjå gjennom dei innspela som har komme, og revidera reglementet før det kjem til kommunestyret.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 46/2024 Skulereglar 2024 1. utkast:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte. Skulereglar erstattar ordensreglane, og er i hovudsak omtala i ny opplæringslov.

Skulereglane er revidert etter Levekårsutvalet 30. mai 2024.

Ingen tok ordet i saka

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 46/2024 Skulereglar 2024 1. utkast:

Kommunestyret 20.06.2024:

Kommunestyret sluttar seg til forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Austrheim kommune, gjeldande frå og med 01.08.2024.

PS 47/2024 Bemanningsbehov ved Kriesesenter for Bergen og omegn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar kommunedirektøren si orientering om situasjonen ved Kriesesenteret for Bergen og omegn til vitande.

Kommunestyret sluttar seg til at Bergen kommune styrkar bemanninga ved Kriesesenter i Bergen og omegn med 7.6 årsverk, slik det er skildra i saka.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 43/2024 Bemanningsbehov ved Kriesesenter for Bergen og omegn:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 43/2024 Bemanningsbehov ved Kriesesenter for Bergen og omegn:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar kommunedirektøren si orientering om situasjonen ved Kriesesenteret for Bergen og omegn til vitande.

Kommunestyret sluttar seg til at Bergen kommune styrkar bemanninga ved Kriesesenter i Bergen og omegn med 7.6 årsverk, slik det er skildra i saka.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 47/2024 Bemanningsbehov ved Kriesesenter for Bergen og omegn:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy la fram saka.

Ingen tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak..

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 47/2024 Bemanningsbehov ved Kriesesenter for Bergen og omegn:

Formannskapet 05.06.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar kommunedirektøren si orientering om situasjonen ved Kriesesenteret for Bergen og omegn til vitande.

Kommunestyret sluttar seg til at Bergen kommune styrkar bemanninga ved Kriesesenter i Bergen og omegn med 7.6 årsverk, slik det er skildra i saka.

PS 48/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1.Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie to alternative løysingar for realisering av nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning, samt samlokalisering av tenester som ein ser mest nytte av å lokalisere i same bygg.

Alternative løysingar:

- a.Nybygg der alle tenester vert samla på eigna tomt
 - b.Rehabilitering av eksisterande bygg og nybygg ved - Nordliheimen
- 2.Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre eit forprosjekt, med mål om å utgreie dei to alternative løysingane og konkretisere;
- a.Arealbehov, utforming og detaljprosjektering
 - b.Tomt og plassering av bygg
 - c.Økonomiske konsekvensar når det gjeld investering og drift
 - d.Konsekvensar for VA og anna infrastruktur knytt til plassering av bygg
- 3.Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram rapport frå forprosjektet med moglege løysingar og kalkyle innan utgangen av juni 2025

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 48/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) sa at han er uroleg for framdrifta i prosjektet, med tanke på befolkningsutviklinga med fleire eldre. Samstundes må ein ta den tida prosjektet treng.
- Ann-Kristin Leirvåg (Ap) spurte om det er mogleg å ha utgreiinga klar tidlegare, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at fristen på juni 2025 er det seinaste saka skal vera klar, er den klar tidlegare så kjem den til politisk handsaming tidlegare.
- Kommunalsjef Færøy sa at administrasjonen vil gjera det ein kan for å få denne utgreiinga klar så snart som mogleg.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 48/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie to alternative løysingar for realisering av nye sjukeheims plassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning, samt samlokalisering av tenester som ein ser mest nytte av å lokalisere i same bygg.

Alternative løysingar:

- a. Nybygg der alle tenester vert samla på eigna tomt
 - b. Rehabilitering av eksisterande bygg og nybygg ved - Nordliheimen
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre eit forprosjekt, med mål om å utgreie dei to alternative løysingane og konkretisere;
 - a. Arealbehov, utforming og detaljprosjektering
 - b. Tomt og plassering av bygg
 - c. Økonomiske konsekvensar når det gjeld investering og drift
 - d. Konsekvensar for VA og anna infrastruktur knytt til plassering av bygg
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram rapport frå forprosjektet med moglege løysingar og kalkyle innan utgangen av juni 2025

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 48/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy la fram saka, jamfør saksutgreiinga.

Monika Thorpe (Ap) tok ordet i saka:

Austrheim Arbeiderparti og Austrheim Høgre meiner at dette er ei sak som heilt klart bør handsamast av Levekårsutvalet før ho blir lagt fram for kommunestyret. Me ber derfor om at saka vert utsett og sendt over til Levekårsutvalet for behandling. Sjå elles notatet under.

Framlegg til vedtak frå Ap og Høgre:

Saka vert utsett og oversendt til Levekårsutvalet for behandling.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Utsettingsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 48/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Kommunestyret 20.06.2024:

Saka vert utsett og oversendt til Levekårsutvalet for behandling.

PS 49/2024 Forna søknad - Vinmonopol i Austrheim

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune fornyar søknaden til Vinmonopolet om pol-utsal i Austrheim, som det er gjort greie for i saka.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 46/2024 Forna søknad - Vinmonopol i Austrheim:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Rosenlund presiserte at søknaden er for Austrheim generelt, og ikkje berre i tilknytning for Mastrevik Torg.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 46/2024 Forna søknad - Vinmonopol i Austrheim:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune fornyar søknaden til Vinmonopolet om pol-utsal i Austrheim, som det er gjort greie for i saka.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 49/2024 Fornya søknad - Vinmonopol i Austrheim:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund la fram saka:

Reidar Øksnes tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret::

Framlegget vart vedteke med 10 røyster for og 7 røyster mot.

Følgjande representantar røysta mot: Stig Anders Totland (H), Jan Olav Øksnes (INP), Reidar Øksnes (Sp), Gro Kaland (Sp), Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), Tore Svendsen (SL), Ingeborg Lohne Hordvik (SL).

Følgjande representantar røysta for:

Morten Sognnes (H), Hege Ramsland (H), Aslak André Bakke (H), Kristoffer Myklebushaug (H), Per Lerøy (Ap), Ann Kristin Lerirvåg (Ap), Monika Thorpe (Ap), Anette Kaland (Ap), Idar Johan Hopland (Ap), Katrine Berge Longva (Ap).

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 49/2024 Fornya søknad - Vinmonopol i Austrheim:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune fornyar søknaden til Vinmonopolet om pol-utsal i Austrheim, som det er gjort greie for i saka.

PS 50/2024 Marknadsføring av Austrheim Kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at ein vedtek prosjekt om marknadsføringsavtale, slik det er greia ut om i saka.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 53/2024 Marknadsføring av Austrheim Kommune:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug supplerte med døme frå <https://vinjenaturlegvis.no/>.
- Hege Ramsland etterlyste framdrift på tidlegare initiativ om samling og marknadsføring av lag og organisasjonar som finnest i kommunen. Viste til at Fedje kommune er meir aktive, med Visit Fedje, sosiale media med meir. Om dette sa kommunalsjef Bjarte Rosenlund at han vil ta fatt i dette med eit kulturforum for å samla lag og organisasjonar.
- Kommunalsjef Rosenlund sa at det er behov for å vurdera kostnader, og om det er andre leverandørar som kan levera dette tilbodet.
- Med 2-3 tilflyttande familiar årleg vil ein dekkja utgiftene, som er på ein halv million kroner i året.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 53/2024 Marknadsføring av Austrheim Kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at ein vedtek prosjekt om marknadsføringsavtale, slik det er greia ut om i saka.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 50/2024 Marknadsføring av Austrheim Kommune:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund la fram saka, og kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug presiserte mogelheitene som prosjektet kan gi.

Følgjande tok ordet i saka:

Aslak Bakke (H)

Tore Svendsen (SL)

Monika Thorpe (Ap)

Bjørn Helge Dyrkolbotn (Sp)

Per Lerøy (Ap)

Hege Ramsland (H)

Reidar Øksnes (Sp)

Framlegg til vedtak frå Ap og Høgre:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet i desember.

Framlegg til vedtak frå kommunestyret: Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg: kommunedirektøren kjem attende med endeleg investeringsframlegg i desember.

Handsaming i kommunestyret:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren tilrår at ein vedtek prosjekt om marknadsføringsavtale, slik det er greia ut om i saka, og kjem attende med endeleg investeringsframlegg i desember.

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 50/2024 Marknadsføring av Austrheim Kommune:

Kommunestyret 20.06.2024

Kommunedirektøren tilrår at ein vedtek prosjekt om marknadsføringsavtale, slik det er greia ut om i saka, og kjem attende med endeleg investeringsframlegg i desember.

PS 51/2024 Enøktiltak - Kommunale bygg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret vedtek Enøk tiltak i tråd med saksutgreiinga.
- 2.Det vert sett av ei investeringsramme i tråd med saksframlegget, for å få utføra dei viktigaste og mest lønsame ENØK-tiltaka i kommunen.
- 3.Finansieringa vert lagt inn i økonomiplanperioden.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 51/2024 Enøktiltak - Kommunale bygg:

Kommunalsjef Bjarne Rosenlund la fram saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret::

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak..

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 51/2024 Enøktiltak - Kommunale bygg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret vedtek Enøk tiltak i tråd med saksutgreiinga.**
- 2.Det vert sett av ei investeringsramme i tråd med saksframlegget, for å få utføra dei viktigaste og mest lønsame ENØK-tiltaka i kommunen.**
- 3.Finansieringa vert lagt inn i økonomiplanperioden.**

PS 52/2024 Symjebasseng - mandat til oppstart av moglege alternativ av symjebasseng

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert etablert ei ny prosjektgruppe for å vurdere moglege framtidige løysingar for symjebasseng i Austrheim. Framlegg til mandat for forprosjektet vert godkjent.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 52/2024 Symjebasseng - mandat til oppstart av moglege alternativ av symjebasseng:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram saka.

Følgjande tok ordet i saka:

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp)

Per Lerøy (Ap)

Hege Ramsland (H)

Framlegg vedtak frå Senterpartiet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg: Prosjektgruppe består av ordførar, ein frå posisjon, ein frå opposisjon, ein frå Austrheim symjeklubb og prosjektleiar.

Framlegg til tillegg til vedtak frå Ap og Høgre:

Bygningsskadane som vart avdekka på symjehallen på Kaland i februar, må snarast og seinast innan første september utbetrast slik at symjehallen kan opnast att.

Gruppeleiar møte.

Fellesframlegg til vedtak:

Det vert etablert ei ny prosjektgruppe for å vurdere moglege framtidige løysingar for symjebasseng i Austrheim. Framlegg til mandat for forprosjektet vert godkjent.

Gruppa skal bestå av: Gruppa skal bestå av: Didrik Lerøy (Austrheim Svømmegruppe), Bjørn Inge Dyrkolbotn, (Sp) Monika Thorpe (Ap), Ordførar Morten Sognnes (H) og prosjektleiar.

Bygningsskadane som vart avdekka på symjehallen på Kaland i februar, må snarast utbetrast slik at symjehallen kan opnast att.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for fellesframlegget.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 52/2024 Symjebasseng - mandat til oppstart av moglege alternativ av symjebasseng:

Kommunestyret 20.06.2024:

Det vert etablert ei ny prosjektgruppe for å vurdere moglege framtidige løysingar for symjebasseng i Austrheim.

Framlegg til mandat for forprosjektet vert godkjent.

Gruppa skal bestå av: Didrik Lerøy (Austrheim Svømmegruppe), Bjørn Inge Dyrkolbotn,(Sp) Monika Thorpe (Ap), Ordførar Morten Sognnes (H) og prosjektleiar.

Bygningsskadane som vart avdekka på symjehallen på Kaland i februar, må snarast utbetrast slik at symjehallen kan opnast att.

PS 53/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsmelding for 2023](#) slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 51/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) spurte om auke i talet på tilsette, her svara økonomisjef Odd Harald Dommersnes at det skuldast at alle flyktningar på introduksjonsprogram er tilsette i kommunen. Denne opplysningen vert lagt inn i saksframlegget til handsaminga i kommunestyret.
- Per Lerøy (Ap) sa at det må jobbast med langtidsfråvær, at det må gjerast eigne vurderingar på dei felte der det er langtidsfråvær.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 51/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsmelding for 2023](#) slik den ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 53/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes informerte om at revisjonssjef Janne Eraker er tilstades under sakene om Årsmelding 2023 og Årsrekeneskap 2023

Varaordførar Per Lerøy tok ordet. Han skryt av årsmeldinga for 2023: "Den er lett tilgjengeleg og inneheld informasjon som er relevant for politikarane. Det blir jobba svært bra i kommunen. Det er to saker vi bør jobbe med, det er å få ned sjukefråværet og få fleire bustader tilgjengeleg blant anna for ev. nye arbeidtakarar. Vi skal vere stolt av det vi har oppnådd, kanskje legg politikarane lista litt høgt, men vi får til utroleg mykje bra saman".

Ingen andre tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak..

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 53/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsmelding for 2023](#) slik den ligg føre.

PS 54/2024 Årsrekneskap 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2023
2. Det negative netto driftsresultat i rekneskap for 2023 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 52/2024 Årsrekneskap 2023:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kva disposisjonsfondet er på no med det siste tilskotet på 3,7 millionar kroner. Dommersnes svara at disposisjonsfondet no er på 20 millionar, men at det er tilrådd at det skal vera 30 millionar kroner.
- Per Lerøy (Ap) spurte om avsetning til næringsfond, her svara Dommersnes at ein kan sjå om det kjem nye inntekter som kan setjast av til fond.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 52/2024 Årsrekneskap 2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2023
2. Det negative netto driftsresultat i rekneskap for 2023 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 54/2024 Årsrekneskap 2023:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Han nytta og høve til å si at Austrheim kommune ligg godt an på kommunebarometeret når det gjeld fleire tenesteområde, (tala er ikkje publisert offentleg enda).

Følgjade tok ordet i saka:

Aslak Bakke (H)

Reidar Øksnes (Sp)

Reidar Øksnes: Når det gjeld midlar til landbruket, må ein levere inn eit prosjekt, for å få tildelt midlar. Dei vert ikkje utbetalt før prosjektet er ferdig. Ber om at ein får til ei ryddig og god avtale om landbrukskontor og landbrukstenesta. Det er sagt at avtala skal justerast. Gjeld også innsyn og referat frå landbruksfagrådet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at allereie i denne veka skal det vere eit møte med Alver om avtale med landbrukskontor.

Revisjonssjef Janne Eraker refererte Revisjonsmeldinga. Austrheim har avgitt eit godt rekneskap utan vesentleg feil. Dei går ikkje gjennom all tekst i årsmeldinga men sjekker at tala temmer mot rekneskapen. God årsmelding og godt årsrekeneskap.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak..

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 54/2024 Årsrekneskap 2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1.Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2023

2. Det negative netto driftsresultat i rekneskap for 2023 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond

PS 55/2024 Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 2,8 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarande beløp gjennom å auka skatteanslag.
3. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering, justeringane vert finansiert ved å omdisponere midlar mellom ulike investeringsprosjekt.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 50/2024 Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Etter litt samarbeid i formannskapet kom Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) med dette tilleggsframlegget: "Kommunen fullfører garderobane på Havsportsenteret medan ein jobbar med bygget, og tek inn finansieringa av arbeidet i samband med budsjettjusteringa etter 2. tertial"
- Det vart diskutert noko rundt asfaltering, her har kommunalsjef Bjarte Rosenlund ei liste over dei mest aktuelle strekka.
- Per Lerøy (Ap) ba om at noko lagra asfalt som ligg ved kaien på Vardetangen, vert flytta for å frigjera fleire plassar. Kommunalsjef Bjarte Rosenlund noterte seg dette.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samt for Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sitt tilleggspunkt.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 50/2024 Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 2,8 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarende beløp gjennom å auka skatteanslag.
3. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering, justeringane vert finansiert ved å omdisponere midlar mellom ulike investeringsprosjekt.
4. Kommunen fullfører garderobane på Havsportsenteret medan ein jobbar med bygget, og tek inn finansieringa av arbeidet i samband med budsjettjusteringa etter 2. tertial

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 55/2024 Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 55/2024 Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for fyrste tertial til vitande.**
- 2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 2,8 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarande beløp gjennom å auka skatteanslag.**
- 3. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering, justeringane vert finansiert ved å omdisponere midlar mellom ulike investeringsprosjekt.**

PS 56/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner framlegg til revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS slik den føreligg i vedlegg til saka.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 49/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 49/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommune godkjenner framlegg til revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS slik den føreligg i vedlegg til saka.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 56/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 56/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1. Austrheim kommune godkjenner framlegg til revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS slik den føreligg i vedlegg til saka.**

PS 57/2024 Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Austrheim kommune vedtek at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med Sveio kommune.
- 2.Austrheim kommune vedtek samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 44/2024 Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 44/2024 Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Austrheim kommune vedtek at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med Sveio kommune.
- 2.Austrheim kommune vedtek samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 57/2024 Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 57/2024 Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Austrheim kommune vedtek at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med Sveio kommune.**
- 2.Austrheim kommune vedtek samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.**

PS 58/2024 Oppdatering av selskapsavtale - Interkommunalt arkiv Hordaland IKS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek selskapsavtale for Interkommunalt arkiv Hordaland IKS 2024.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 58/2024 Oppdatering av selskapsavtale -
Interkommunalt arkiv Hordaland IKS:

Kristin Nesbø orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 58/2024 Oppdatering av selskapsavtale -
Interkommunalt arkiv Hordaland IKS:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

**Kommunestyret vedtek selskapsavtale for Interkommunalt arkiv Hordaland IKS
2024.**

PS 59/2024 Vigselsmynde i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug vigselsmynde. Vigselsmyndet gjeld så lenge Bjørnar Fjellhaug er tilsett i Austrheim kommune. I tillegg har ordførar Morten Sognnes og varaordførar Per Lerøy direkte vigselsmynde etter ekteskapslova (§ 12 b).

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 59/2024 Vigselsmynde i Austrheim kommune:

Kristin Nesbø orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 59/2024 Vigselsmynde i Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug vigselsmynde. Vigselsmyndet gjeld så lenge Bjørnar Fjellhaug er tilsett i Austrheim kommune. I tillegg har ordførar Morten Sognnes og varaordførar Per Lerøy direkte vigselsmynde etter ekteskapslova (§ 12 b).

PS 60/2024 Vidare vurdering - Strøyming av politiske møte

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel mellom ulike alternativ for strøyming:

- 1.Møta i kommunestyret skal strøymast
- 2.Møta i kommunestyret og formannskapet skal strøymast
- 3.Møta i kommunestyret, formannskapet og levekårsutvalet skal strøymast
- 4.Alle politiske møte, også Eldrerådet, RMNF og kontrollutvalet, skal strøymast
- 5.Ingen møte skal strøymast

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 60/2024 Vidare vurdering - Strøyming av politiske møte:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunestyret røysta over alle fem framlegga slik:

5. Ingen røysta for. Ingen møte skal strøymast
4. Ingen røysta for. Alle politiske møte, også Eldrerådet, RMNF og kontrollutvalet, skal strøymast
3. Tore Svendsen (SL) røysta for. Møta i kommunestyret, formannskapet og levekårsutvalet skal strøymast
2. Ingen røysta for: Møta i kommunestyret og formannskapet skal strøymast
1. Samrøystes vedteke: Møta i kommunestyret skal strøymast

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 60/2024 Vidare vurdering - Strøyming av politiske møte:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møta i kommunestyret skal strøymast

PS 61/2024 Nyval av Eldrerådet - endring av representant

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 61/2024 Nyval av Eldrerådet - endring av representant:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Tore Svendsen (SL) tok ordet i saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 61/2024 Nyval av Eldrerådet - endring av representant:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ønsket frå Austrheim Pensjonistlag vert etterkomme, og samansetnaden av rådet vert slik, for resten av inneverande periode 2023-2027:

Pensjonistar, faste	Pensjonistar, vara
Torbjørn Husby	Inger Synnevåg
Jan Ove Synnevåg	Gunnveig Bentzen
Gro Johannessen	Atle Lervåg
Johanna Kari Kollsete Lerøy	Jorunn Fimreite
Idar Hopland	Ottar Sætre
Frå kommunestyret, faste	Frå kommunestyret, vara
Tore Svendsen (SL)	Øyvind Ullestad (Sp)
Hege Ramsland (H)	Asbjørn Brandtun (Ap)

PS 62/2024 Medlemmer til representantskap - syns- og audiopedagogisk teneste SAPT

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 62/2024 Medlemmer til representantskap - syns- og audiopedagogisk teneste SAPT:

Leiar av valutvalet Aslak Bakke la fram forslag til representantar til syns- og audiopedagogisk teneste SAPT.

Det var ingen andre forslag.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 62/2024 Medlemmer til representantskap - syns- og audiopedagogisk teneste SAPT:

Kommunestyret 20.06.2024:

Som fast medlem i representantskapet i Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) vel kommunestyret i Austrheim Monika Thorpe, med Ingeborg Lohne Hordvik som vara

PS 63/2024 TV-aksjonen 2024 - oppretting av kommunekomité

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2024:

- Leiar: Ordførar Morten Sognnes
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Oppmodar Lindåsneset Sanitetsforeining til å delta med eitt medlem
- Oppmodar Årås Sanitetsforeining til å delta med eitt medlem
- Oppmodar Austrheim idrettslag til å delta med eitt medlem
- Oppmodar Ungdomsrådet til å delta med eitt medlem

Kommunedirektøren får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2024.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 63/2024 TV-aksjonen 2024 - oppretting av kommunekomité:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 63/2024 TV-aksjonen 2024 - oppretting av kommunekomité:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2024:

- Leiar: Ordførar Morten Sognnes
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Oppmodar Lindåsneset Sanitetsforeining til å delta med eitt medlem
- Oppmodar Årås Sanitetsforeining til å delta med eitt medlem
- Oppmodar Austrheim idrettslag til å delta med eitt medlem
- Oppmodar Ungdomsrådet til å delta med eitt medlem

Kommunedirektøren får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2024.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

PS 64/2024 Val av meddommarar, skjønnsmenn og forliksråd

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Valnemnda innstiller desse kandidatane, for val gjennomført av kommunestyret:

Gulating lagmannsrett, ei kvinne

Lisa Maria Kopperdal

Gulating lagmannsrett, ein mann

Bjarte Næss

Bergen tingrett, fem kvinner

Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn

Inger-Anne Austrheim

Monica Fønnes

Rannveig Lohne

Tove Iren Sætre

Bergen tingrett, fem menn

Geir Åge Nesbø

Einar Austrheim

Morten Hodnekvam

Viggo Leirvåg

Arve Fanebust

Hordaland jordskifterett, fire kvinner

Monica Fresvik

Britt Helen Marholm

Agate Gausereide

Ragnhild Løyte Johansen

Hordaland jordskifterett, fire menn

Jan Hopland

Nils Ove Vassdal

Bjørn Inge Dyrkolbotn

Jan Ove Synnevåg

Skjønnsmedlemmer, to kvinner

Monica Fresvik

Britt Helen Marholm

Skjønnsmedlemmer, to menn

Jan Hopland

Nils Ove Vassdal

Forliksrådet:

Medlemmer:

Toril Lohne Hordvik (leiar)

Øyvind Dagestad

(Fedje)

Varamedlemmer:

Nils Ove Vassdal

Britt Helen Marholm

(Fedje)

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 64/2024 Val av meddommarar, skjønnsmenn og forliksråd:

Valutvalet sin leiar Aslak Bakke (H) la fram forslaget til meddommarar, skjønsmenn og forliksråd.

Det var ingen andre framlegg.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 64/2024 Val av meddommarar, skjønnsmenn og forliksråd:

Kommunestyret 20.06.2024:

Gulating lagmannsrett, ei kvinne

Lisa Maria Kopperdal

Gulating lagmannsrett, ein mann

Bjarte Næss

Bergen tingrett, fem kvinner

Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn

Inger-Anne Austrheim

Monica Fønnes

Rannveig Lohne

Tove Iren Sætre

Bergen tingrett, fem menn

Geir Åge Nesbø
Einar Austrheim
Morten Hodnekvam
Viggo Leirvåg
Arve Fanebust

Hordaland jordskifterett, fire kvinner

Monica Fresvik
Britt Helen Marholm
Agate Gausereide
Ragnhild Løyte Johansen

Hordaland jordskifterett, fire menn

Jan Hopland
Nils Ove Vassdal
Bjørn Inge Dyrkolbotn
Jan Ove Synnevåg

Skjønnsmedlemmer, to kvinner

Monica Fresvik
Britt Helen Marholm

Skjønnsmedlemmer, to menn

Jan Hopland
Nils Ove Vassdal

Forliksrådet:

Medlemmer:

Toril Lohne Hordvik (leiar)
Øyvind Dagestad
(Fedje)

Varamedlemmer:

Nils Ove Vassdal
Britt Helen Marholm
(Fedje)

PS 65/2024 Revidering av reglement for folkevalde organ Austrheim kommune - kommunestyreperioden 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret vedtek endringar i «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune 2023-2027 – Versjon 1.2. Reglementsamling» slik den ligg føre i vedlagt reglementsamling.
- 2.Kommunestyremøta vil frå hausten 2024 ha møtestart kl 1500 og møteslutt seinast kl 2300.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 65/2024 Revidering av reglement for folkevalde organ Austrheim kommune - kommunestyreperioden 2023-2027:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 65/2024 Revidering av reglement for folkevalde organ Austrheim kommune - kommunestyreperioden 2023-2027:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret vedtek endringar i «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune 2023-2027 – Versjon 1.2. Reglementsamling» slik den ligg føre i vedlagt reglementsamling.**
- 2.Kommunestyremøta vil frå hausten 2024 ha møtestart kl 1500 og møteslutt seinast kl 2300.**

PS 66/2024 Høyring av alkoholpolitisk plan 2024-2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2024-2028 vert lagt ut til offentleg høyring.
Høyringsperiode er sett til 6 veker.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 66/2024 Høyring av alkoholpolitisk plan 2024-2028:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 66/2024 Høyring av alkoholpolitisk plan 2024-2028:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

**Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2024-2028 vert lagt ut til offentleg høyring.
Høyringsperiode er sett til 6 veker.**

PS 67/2024 Forlenging av sals- og skjenkeløyve

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune forlengar dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen med fire nye år. Kommunedirektøren vil skriva ut fornying av løyva etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken, den er planlagt handsama i kommunestyret torsdag 26. september. Gjeldande sals- og skjenkeløyve gjeld inntil vidare.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 67/2024 Forlenging av sals- og skjenkeløyve:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 67/2024 Forlening av sals- og skjenkeløyve.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 b), og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn var habil/inhabil sidan far er medeigar i drifta av Kilstraumen.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 67/2024 Forlenging av sals- og skjenkeløyve:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune forlengar dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen med fire nye år. Kommunedirektøren vil skriva ut fornying av løyva etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken, den er planlagt handsama i kommunestyret torsdag 26. september. Gjeldande sals- og skjenkeløyve gjeld inntil vidare.

PS 68/2024 Sommarfullmakt til ordførar - 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir med heimel i kommunelova § 6-1 ordførar (og varaordførar i ordførars fråvær) fullmakt til å avgjera saker som hastar og som ikkje er av prinsipiell betydning i kommunestyrets sommarferie (sommarfullmakt).

Gjeld saka eit ansvarsområde som eit anna folkevald organ enn kommunestyret har endeleg vedtaksmynde i (som formannskapet) vil dette organets sommarferie avgrensa gitt fullmakt.

Om det er avgjort saker etter fullmakt, skal desse leggest fram som referatsak for kommunestyret i møtet torsdag 26. september.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 68/2024 Sommarfullmakt til ordførar - 2024:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Sommarfullmakt vert for framtida ein del av reglementet, slik at kommunestyret slepp denne saka kvart år.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 68/2024 Sommarfullmakt til ordførar - 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir med heimel i kommunelova § 6-1 ordførar (og varaordførar i ordførars fråvær) fullmakt til å avgjera saker som hastar og som ikkje er av prinsipiell betydning i kommunestyrets sommarferie (sommarfullmakt).

Gjeld saka eit ansvarsområde som eit anna folkevald organ enn kommunestyret har endeleg vedtaksmynde i (som formannskapet) vil dette organets sommarferie avgrensa gitt fullmakt.

Om det er avgjort saker etter fullmakt, skal desse leggest fram som referatsak for kommunestyret i møtet torsdag 26. september.

PS 69/2024 Kvalitetsmelding barnehage og skule, 2023 - 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret tek kvalitetsmeldinga for barnehage og skule 2023 – 2024 til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 69/2024 Kvalitetsmelding barnehage og skule, 2023 - 2024:

Saka vart lagt fram av kommunalsjef Trine Merete Jansen, rektorane og styrarane. Sjå orienteringssak 6/2024.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 69/2024 Kvalitetsmelding barnehage og skule, 2023 - 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret tek kvalitetsmeldinga for barnehage og skule 2023 – 2024 til vitande.

PS 70/2024 Driftstilskot - Kunsthuset i Austrheim

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Kunsthuset i Austrheim får eit driftstilskot frå Austrheim kommune pålydande 50 000,- kroner pr. år i ein periode på tre og eit halvt år. Første året eit halvårig tilskot, utbetalt pr. august, pålydande 25 000,- kroner. Og vidare 50 000,- pr. år for dei påfølgjande åra. Driftstilskotet skal dekke inn delar av framtidig husleige og vil såleis vera knytt om mot at ein slik avtale vert etablert. Kommunedirektøren vil finne dekning for kostnadane innafor rammene i årets budsjett, og vidare leggje inn kostnadane for dei påfølgjande åra i økonomiplanen.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 70/2024 Driftstilskot - Kunsthuset i Austrheim:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen la fram saka.

Desse tok ordet i saka:

Tore Svendsen (SL)

Reidar Øksnes (Sp)

Hege Ramsland (H)

Det var spørsmål om kva budsjettpost tilskotet skal ta blir henta frå og til det svara Trine Merete Jansen svarte at det blir teke av budsjettposten ekstraordinære kulturmidlar til fordeling gjennom året.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 70/2024 Driftstilskot - Kunsthuset i Austrheim:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Kunsthuset i Austrheim får eit driftstilskot frå Austrheim kommune pålydande 50 000,- kroner pr. år i ein periode på tre og eit halvt år. Første året eit halvårig tilskot, utbetalt pr. august, pålydande 25 000,- kroner. Og vidare 50 000,- pr. år for dei påfølgjande åra. Driftstilskotet skal dekke inn delar av framtidig husleige og vil såleis vera knytt om mot at ein slik avtale vert etablert. Kommunedirektøren vil finne dekning for kostnadane innafor rammene i årets budsjett, og vidare leggje inn kostnadane for dei påfølgjande åra i økonomiplanen.

PS 71/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2023.

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 71/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding:

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett til september

Handsaming i kommunestyret:

Framlegg om at saka vert utsett vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 71/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding:

Framlegg til vedtak i møte:

Saka vert utsett til september